

SOSIOTERMINOLOGI – EIN MODELL FOR NORDEN?

Johan Myking
Universitetet i Bergen

Abstract

The aim of this paper is to give a critical account of the concept of 'socioterminology' with respect to its potential relevance to Nordic terminology. The choice of this topic is motivated by the strong interrelation of sociolinguistics and language planning within Nordic linguistic research, and by the sociolinguistic criticism raised by proponents of socioterminology against traditional terminology. Writings from the Francophone area are discussed, and some Nordic embryos of socioterminology are outlined. It is concluded that the concept of 'socioterminology' still lacks maturity; that this discussion calls for a critical reading of Eugen Wüster; and that the theoretical discussion within terminology is still biased by language-specific linguistic traditions.

1. Innleiing

Uttrykket "sosioterminologi", som har komme i bruk på 1990-talet, signaliserer eit ønske om å tematisera relasjonen mellom terminologi og samfunn. I sterk form vil dette seia at uttrykket står i ein paradigmekritisk kontekst: Innanfor det internasjonale terminologiske forskingsmiljøet kan det sporast ein tydeleg tendens til kritikk, etterprøving og vidareutvikling av det vitskapelege grunnlaget for terminologien. Denne tendensen kan også sporast i Norden.

Morfologisk sett er leddet *sosio-* avleidd av latin *socius*, og brukt for å visa at eit fenomen heng saman med samfunnsforhold, jf.

sosio- (av lat. *socius* , sjå *II *sosial*) samfunns- [...] II **sosia'l** a1 (gj fr frå lat. av *socius* 'felage [...] som gjeld samfunnet og samfunnstilhøva (Nynorskordboka).

Frekvente uttrykk som *sosio-kulturell*, *sosio-psykologisk*, *sosio-politisk*, *sosio-historisk* og *sosio-økonomisk* må ofte reknast som lettvinne og avterminologiserte avleiringar frå sosiologisk terminologi. Termen *sosiolingvistikk* kan leksikalsk analyserast som "sosial lingvistikk" like godt som "sosiologisk lingvistikk", og termen *sosiologi* er like eins danna

av *socius* (av Auguste Comte 1830). Det er mange uklåre distinksjonar som er skapte av dette, m.a. skiljet 'språksosiologi' vs. 'sosiolingvistikk', som vi ikkje kan ta opp her.

Uttrykket *sosiolingvistikk* er ei direkte og enkel overføring til nordisk av det engelske *sociolinguistics*. Det impliserer at det finst lingvistiske retningar som ikkje er opptekne av relasjonane til samfunnet, eller rettare: som ikkje gjer relasjonane til samfunnet til emne for eit systematisk studium – og det er jo ikkje det same som å seia at lingvistikken ikkje har samfunnsrelevans. På tilsvarende måte impliserer termen *sosioterminologi* at det også finst terminologiske retningar som ikkje legg vekt på relasjonen til samfunnet. I begge tilfelle er altså den impliserte motsetnaden *autonomi*, det at språk respektive terminologi kan studerast uavhengig av omkringliggjande rammeverk, i dette tilfellet den sosiale konteksten.

Spørsmålsstillinga i tittelen kan såleis grunnigvast på fleire måtar. Det er eit faktum at nordisk språkforskning er kjenneteikna av ei sterk interesse for sosiolingvistikk, dessutan at sosiolingvistikk og språkplanlegging heng tett saman, og endeleg at nordisk terminologi også har ein klår profil mot språkplanlegging. Alt peikar derfor mot at ei terminologisk retning som tematiserer samfunnet, burde ha spesiell interesse og relevans for dei nordiske språksamfunna. Omvendt skulle dette også seia at nordiske erfaringar burde ha noko å tilby ei slik omvurdering av terminologiens grunnlag.

2. "Sosioterminologi": bruksmåtar og definisjonar

I dei tradisjonelle og best kjende internasjonale standardverka finst det ingen referansar til nokon sosioterminologi. Uttrykket finst heller ikkje som indeksterm i Laurén, Myking, Picht 1997 eller Laurén & Picht 1993, og det er vanskeleg å finna det i nordiske antologiar og kursrapportar. Kort sagt: både uttrykket og referenten for det verkar lite etablerte.

For Quebec-terminologen Jacques Maurais er sosioterminologi først og fremst

"a convenient term that can be used to describe the relationship between society and terminology and especially the actual social use, whether by specialists or by ordinary people, of the terms coined by terminologists (Maurais 1993: 121).

Det er ifølgje Maurais tale om ei ny og lite oppdyrka, men viktig grein av terminologien, som kan gje data om bruken av ny terminologi og såleis skapa grunnlag for ein sikrare praksis. For Maurais er det eit hovudpoeng at normative inngrep må ta omsyn til sosiale normer og til lingvistisk variasjon. Data om spreingsvilkåra for nye termar og om bruken av dei kan ein få gjennom sosiolingvistisk metode. Ei av dei viktigaste inspirasjonskjeldene er Alloni-Feinbergs kjende studie av hebraisk bil-terminologi. Maurais har sjølv levert ein tidleg studie av denne typen (Maurais 1984, sjå meir nedanfor).

Ein annan bruksmåte har sterkare tilknytning til den veksande kritikken mot det wüsterske terminologiparadigmet, og har komme særleg sterkt til uttrykk på fransk. Ved universitetet i Rouen har Yves Gambier (1994: 102) karakterisert sosioterminologien mellom anna slik:

la socioterminologie cherche à réintroduire la terminologie dans la pratique sociale qu'est tout discours, y compris le discours métaterminologique, ceci afin de l'interroger comme activité productrice/sociale et comme activité cognitive.

Kritikken ligg her innbakt i verbet "réintroduire", som impliserer at terminologien av i dag er isolert frå levande språkbruk i samfunnet. Ein annan Rouen-teoretikar, Louis Guespin, hevdar at sosioterminologien på denne måten kan oppfattast som eit nytt terminologisk paradigme – det "eigentlege" paradigmet – i kontrast til Wüster-tradisjonen, som berre er oppteken av standardisering:

Il est quelque peu regrettable d'avoir à affubler notre pratique de ce formant [socio-, JM] qui l'alourdit, car après tout, toute terminologie devrait être soucieuse de la société, du tissu même où naissent et s'échangent concepts et termes. En fait, la [socioterminologie, JM] mériterait de s'appeler tout simplement terminologie; c'est la branche wüsterienne qui, constituant une pratique restreinte, devrait être pourvue d'une détermination; il s'agit en effet d'une terminologie normalisatrice. (Guespin, "Avant-Propos" til Gaudin 1993: 9.)

Berre i to bitte små arbeid har Picht (1996a: 25 og 1996 b: 296) brukt uttrykket "socio-terminologi", men utan forsøk på å definera begrepet. Det er her grunn til å tru at han har vore påverka av kollegaers uformelle bruk av merkelappen, mellom anna har eg sjølv uttrykt meg slik – kanskje ein smule uforpliktande:

Språkplanlegging og "socio-terminologi"

Norsk fagspråk- og terminologiarbeid er som i dei fleste andre språksamfunn motivert ut frå omsynet til språkvern og det å motarbeida domenetap. [...] Det som likevel er ekstra tydeleg i norsk fagspråkarbeid, er at den teoretiske diskusjonen innanfor fagspråk og terminologi er sterkt prega av kontakten med sosiolingvistikk og språkplanleggingsteori. (Myking 1999: 46f.)

Kort sagt: Innhaldet bak termen *sosioterminologi* kan verka både vagt og fleirtydig. Det verkar likevel intuitivt mogeleg å tilordna uttrykket til to ulike (potensielle) begrepsinnhald:

- 1) 'sosioterminologi' som delområde av disiplinen terminologi, med spesifikke mål, oppgåver og metodar,
- 2) 'sosioterminologi' som kvalitativt nytt paradigme innanfor disiplinen terminologi.

Dersom "sosioterminologi" skal oppnå ein status som språkvitskapleg begrep, som 'sosioterminologi', må vi i alle fall kunna etablere ein referent for det. Helst bør dette vera ein vitskapleg (sub)disiplin med ein nokolunde avklåra teoretisk og empirisk status.

3. Den tradisjonelle modellen

Nordisk terminologi byggjer på det filosofiske, teoretiske og metodiske grunnlaget i tradisjonen frå Eugen Wüster. Det er også ofte hevda at den nordiske terminologiske tradisjonen er prega av ei moderat tolking av denne tradisjonen, kombinert med ei sterk interesse for språkplanlegging og språkpolitikk. Heribert Picht har mange stader understreka den nære og gjensidige relasjonen mellom terminologi og den sosio-politiske funksjonen i samfunnet (t.d. Picht 1997: 56f.; jf. også Picht 1994: 556; Laurén & Picht 1993: 519 ff). I desse framstillingane av terminologiens "bestanddele" har "sosioterminologi" ingen plass, heller ikkje er uttrykket i vanleg bruk i andre område innanfor denne tradisjonen (jf. t.d. Galinskis modell i Picht 1997: 52).

I ein viktig artikkel frå 1993 om terminologiske skuledanningar plasserer Picht (saman med Laurén) nordisk terminologi inn i ein internasjonal kontekst. Terminologiarbeidet er dobbelt motivert: kulturpolitisk på den eine sida, kommunikativt og økonomisk på den andre sida. Men nokon nordisk "skule" finst det ikkje (Laurén & Picht 1993: 500f., 519), berre

eine Reihe von Personen, die beide Motivationen vereinen und terminologische Ansätze aus anderen Sprachräumen assimilieren konnten, um sie im Sinne des übergeordneten Ziels nutzbar zu machen und in angepaßter Form mit eigenem Profil weiterzuentwickeln. (op.cit.: 501.)

Med omsyn til statusen for begrepet 'begrep', blir nordisk terminologi karakterisert slik:

Der Begriff als Ausgangspunkt für alle sinnvolle Terminologiearbeit ist unumstritten [...] der Begriff [ist] die Grundlage für die terminologische Arbeit in einem sprachlich heterogenen Raum wie dem nordischen [...] (op.cit.: 519).

Med omsyn til den normative funksjonen som terminologiarbeidet har, og som kjem særleg sterkt til uttrykk i standardiseringsarbeid, blir den nordiske posisjonen karakterisert som "pragmatisch", det vil seia:

Es wird nur auf jenen Gebieten genormt, auf denen eine Normung eine unmittelbare Notwendigkeit ist und auch vom wirtschaftlichen Standpunkt aus vertreten werden kann. (op.cit.: 519.)

Kort sagt: Nordisk terminologi er wüstersk i sitt metodiske grunnsyn, mellom anna i synet på elementet 'begrep' som utgangspunkt for alt terminologiarbeid. Det nordiske arbeidet er likevel klårt multilingvalt orientert, f.eks. gjennom arbeidet på dei nordiske terminologisentralane, og det har ei sterk tilknytning til språkplanlegging og språkutvikling, ei kjensgjerning som er så innlysande at ho ikkje treng meir grunngeving.

Med dette utgangspunktet kan vi no undersøkje den franskspråklege sosioterminologiske tilnærminga noko nærare, sidan det er der diskusjonen om dette begrepet er kommen lengst. Det er berre tale om eit svært avgrensa litteraturutval frå 1980-talet og tidleg på 1990-talet, men nokre generelle tendensar er det likevel mogeleg å sjå.

4. Quebec: Sosioterminologi som implementeringsstudiar

Denne tilnærminga er som nemnt lansert av Jacques Maurais. I tillegg til karakteristikken ovanfor og eit kort forskingsoversyn i den same artikkelen (1993: 121f.) har han sjølv levert ein tidleg studie av terminologisk implementering, om innføringa av franske termar i reklame for matvarer og næringsmiddel i Quebec i samband med den franske språkreisinga i denne provinsen, særleg på 1970-talet (Maurais 1984). Studien er korpusbasert og kvantitativ, og materialet blir studert og inndelt etter utanomspråklege variablar som tidsskrift, avis, produktkjede, og internspråklege variablar som anglisismetypen og låntypen (1984 : 26). Studien har derfor klare tilknytingspunkt til dei to forskingstradisjonane sosiolingvistik og språkplanlegging.

I etablert William Labov-inspirert sosiolingvistik står studiet av korrelasjon mellom språklege og ikkje-språklege variablar sentralt. Dei språklege variablane har innanfor denne typen sosiolingvistik sjeldan eller aldri vore leksikalske, men som regel fonologiske eller morfologiske. Denne typen variablar er indikatorar på ikkje-språklege bakgrunnstrekk av typen kjønn, utdanning og sosio-økonomisk status, og målet har oftast vore å forklara språkleg variasjon ut frå slike variablar. Dermed kan dei også signalisera potensiell språkending. Maurais diskuterer dette teoretiske grunnlaget eksplisitt (1984: 11 ff, 15).

I Einar Haugen-inspirert språkplanleggingsteori er fasen implementering den fasen i ein språkplanleggingsprosess der planleggingsvedtak blir sette ut i praksis, og terminologi-arbeid høyrer heime i denne fasen. I allmenn språkplanlegging er likevel sosiolingvistikken viktig som hjelpevitskap i fleire fasar enn implementeringa. Poenget her er at det i langt større samanhengar enn terminologi eksisterer eit etablert samband mellom desse to tradisjonane, derfor er det på ingen måte radikalt at terminologi også har nytte av denne kontakten.

5. Rouen-skulen

To av dei sentrale namna i dette miljøet er Yves Gambier (mellom anna Gambier 1989 og 1994) og François Gaudin, særleg i *Pour une socioterminologie* (Gaudin 1993). Dei

sosioterminologiske arbeida inneheld sterk kritikk mot den rådande terminologien (Wien, Eugen Wüster), men mengda av eksplisitte referansar til Wüster er ikkje stor.

Rouen-terminologane (t.d. Gambier 1994: 99–100) byggjer på den todelinga av disiplinen terminologi som også den "etablerte" tradisjonen har (jf. Laurén, Myking, Picht 1997: 34, 64):

- 1) terminologi tar utgangspunkt i fagområda sjølv
- 2) terminologi tar utgangspunkt i (språk)vitskapleg tenking

Den første tilnærminga forklarar at terminologi er ein praksis som ekspertar i eit fagområde sjølve utfører. Den andre tilnærminga krev at terminologi som disiplin utviklar ein forsvarleg teoretisk refleksjon, og står ofte i ein kontekst av språkplanlegging (Gambier: "terminologie aménagiste"). Gambier drar opp ein skarp motsetnad mellom tilnærmingane når det gjeld mål, eksistensgrunnlag, metodologi og iverksetjing, og kritiserer den dominerande tradisjonen for å ha eit avgrensa perspektiv på reell språkbruk:

Cette terminologie de type wüsterienne [...] s'intéresse à un très faible pourcentage des communications spécialisées: elle ignore entre autres les interactions au travail, dans les laboratoires, dans l'enseignement [...] (1994: 101)

Perspektivet til den etablerte tradisjonen er formallogisk, eklektisk og reduksjonistisk i synet på kommunikativ effektivitet:

Elle [la terminologie wüsterienne, JM] reste marquée à la fois par des hypostase (le terme est x et pas y) et l'eclectisme (le terme est a et b). Son approche est essentiellement logiciste, centrée sur l'étude des notions et des systèmes de notions ainsi que celle des dénominations. (Gambier, loc.cit.)

Tilsvarende ser Gaudin her Wüsters terminologi som eit barn av "la normalisation industrielle et de la traduction technique", og terminologien har derfor arva "une appréhension *mécaniste* du langage" og et "la croyance, rarement explicite, en un métalangue, intermédiaire idéal entre les langues particulières" (Gaudin 1993: 15). På den eine sida gjer terminologien krav på autonomi i forhold til lingvistikken, på den andre sida trur terminologien at all kunnskap kan liknast med teknisk kunnskap:

Elle a misé sur deux coups de force: l'un l'autonomisant par rapport à la linguistique, l'autre lui faisant prendre tous les savoirs et savoir-faire pour des technosciences... Ses illusions sont réelles dans le sens où elles ont de l'effet: on crée des termes officiels et l'opinion est répandue que la "la langue" des spécialités est objectives, non ambiguë... (Gambier 1994: 101f.)

Dette resulterer i at terminologien kapslar seg inn rundt dei snevert preskriptive elementa i terminologien, som ofte blir tekne for givne a priori. Berre å utsetja fagspesialisten for standardiseringsprogram, er ein steril reduksjon. Sosioterminologien kan derfor, ifølgje Gambier, gje terminologien nytt liv på eit tryggare grunnlag fordi han er open mot andre typar forskning omkring spesialisert språkleg kommunikasjon.

Gaudins (1993) tilnærming er parallell med Gambiers. Gaudin jamfører med visse sektorar av forskning i kunstig intelligens der det heller ikkje er sjeldan at ein føreset semantisk eintydighet ("l'unidimensionnalité du sens", Gaudin 1993: 15). Terminologien vart fødd av relle sosiale, politiske og økonomiske behov, og dette gjorde sitt til å halda terminologien på avstand frå lingvistisk forskning (op.cit.: 16). Gaudin opponerer mot det tradisjonelle terminologiske synet, som ekvivalerer språkleg handling med bruk av andre symbolsystem. Logikarar tenkjer slik, men naturleg språk er overordna og primært som medium.

Eit viktig nøkkelord for sosioterminologane er 'diskurs'. Ordet skal tolkast vidt, som "all språkleg åtferd", både skriftspråk og talespråk. I leddet *socio-* ligg det at både dei pragmatisk-retoriske og kognitive aspekta ved terminologien må vera ein del av forskningsemnet. Sosioterminologien siktar mot å forstå sambandet mellom den sosiale dimensjonen til terminologi som maktmiddel og den språkleg-kognitive dimensjonen til terminologi som begrepsnett. Sosioterminologien skal derfor plasserast som del av ein kritisk lingvistikk ("linguistique critique"). Den erklærer seg empirisk, den inkluderer det historiske perspektivet, den reflekterer over sitt eige samband med semantikk, sociolingvistikk og språkpolitikk ("glottopolitique"), med vitskaps- og teknologihistorie og deira vokabular, kunnskaps-sosiologi med meir (Gambier 1994: 103).

I desse (svært få!) skriftene frå Rouen-miljøet er kritikken så omfattande at plassen her ikkje tillet å gå meir i detalj. Som Gambier sjølv peikar på, er termen *socioterminologie* polemisk (loc.cit.), og kritikken mot den rådande terminologiske tradisjonen programmatisk. Hovudpunkta i kritikken kan likevel oppsummerast om lag slik:

Det rådande paradigmet er altfor orientert mot systemperspektivet og for lite mot konteksten (det pragmatiske aspektet). Språksynet er platonistisk, ikkje dialogisk. Tradisjonen er for snevert preskriptiv og standardiseringsorientert, og for lite oppteken av levande og ekte språkbruk, inkludert spontan terminologi og munnleg språkbruk. Dermed er den rådande tradisjonen for opphengd i den praksisorienterte tilnæringsmåten, og for lite språkvitenskapleg. Den manglande forståinga av fenomenet diskurs gjer terminologien for lite oppteken av språkbruk slik den er manifestert gjennom tekstar. Dermed er Wüster-basert terminologi for ein-sidig oppteken av språket som eit middel for kunnskapsrepresentasjon og klassifikasjon, og identitetsfunksjonen i språket blir neglisjert.

Den vitenskapsteoretiske essensen i kritikken kan deretter samanfattast i tre hovudpunkt:

- Wüster-tradisjonen har ei streng sontring mellom innhald og uttrykk i språkteiknet, og postulerer at begrep og term eksisterer uavhengig av kvarandre. Dette må ut frå ei lingvistisk tilnærming avvisast.
- Wüster-tradisjonen er anti-lingvistisk, medan det som trengst, er at terminologi blir sterkare integrert i ei overordna lingvistisk forståingsramme.
- Wüster-tradisjonen er reduksjonistisk, medan det som trengst, er ei sterkare holistisk tilnærming. Språket er eit meir kompleks fenomen enn det klassisk terminologi har gjort det til.

I franskspråkleg samanheng kjem denne typen kritikk ikkje berre frå sosioterminologane, jf. leksikografen Alain Rey (1996), som har hevda ganske analoge tankar. Det som er hovudsaka for Rey, er at språk i bruk, diskurs, er eit komplisert og kulturavhengig fenomen. Til og med i vitenskapleg diskurs, den mest eintydige og presise typen, ligg det feilkjelder og mistydingar som liknar dei vi finn i litterær diskurs. Å praktisera terminologi effektivt er derfor mogeleg "only if we abandon the refining logical-semantic viewpoint which for some people epitomises terminology" (1996: 106) og dette er di meir nødvendig når "we stand at the threshold of a period of synthesis capable of correcting the dominant and overly exclusively analytical trends of the last decade(s): in short, correcting Eugen Wüster" (Rey 1996: 106).

Også Temmermann (1997) plasserer seg i ein liknande paradigmekritikk med sin "socio-cognitive terminology". Vi må derfor sjå sosioterminologien som del av ei større utvikling.

6. Ein spesifikk sosioterminologisk metode?

I skriftene frå Rouen er det lagt sterk vekt på praksis: Målet med kritikken er å nå fram til ein sunnare terminologisk arbeidsmetodikk. Gambier tilskriv sosioterminologien fleire viktige arbeidsoppgåver, mellom anna (1994: 105 ff):

- Å observera og beskriva verkeleg språkbruk. Dette vil seia å ta omsyn til variasjon og til motseiingar mellom empiriske normer ("normaison", jf. Gaudin 1993: 173) og preskriptive normer ("normalisation"), spenninga mellom det eintydige og fleirtydige osv.
- Å identifisera spreingsvegane for termar: For det første beskriva faktorar og situasjonar som verkar inn på termsirkulasjon og spreing, for det andre skapa betre metodar for terminologisk nydanning ("néologie").

Hjå Gaudin er dette samanfatta slik:

En clair, *faire de la socioterminologie*, c'est aussi ouvrir des lexiques, des dictionnaires, consulter des normes, des banques de données, lire des textes de lois linguistiques et porter un regard critique qui soit informé linguistiquement (Gaudin 1993: 181).

Den diskursteoretiske tilnærminga skal gje større effektivitet, og det å utføra undersøkingar av faktisk bruk, før innføring av neologismar, er nøkkelen til suksess:

La clé du succès de ces opérations réside donc dans la connaissance du terrain et la consultation. (loc.cit.)

Metodiske implikasjonar av dette er mellom anna at i terminografisk arbeid skal det takast omsyn til termar i kontekst, ukomplette eller tvitydige definisjonar, kjeldekritikk. Begrepet 'fagområde' ("domaine") skal ikkje oppfattast som noko sjølvklårt, slik den dominerande terminologien gjer (Gambier 1994: 105). Fagekspertane er inga homogen gruppe. Språkbrukarar og språkhaldningar er viktige. Forholdet mellom fagekspert og terminograf må re- vurderast og analyserast. Samarbeidet må konstruerast, det gir seg ikkje sjølv (op.cit., 106).

Meir spesifikt talar sosioterminologien for at ein går attende til *korpus*: Ein kan kan ikkje sjå termar isolerte, men må sjå kor representative dei er (Gambier 1994: 106; Gaudin 1993: 181 ff). Derfor bør ein bruka korpus og "enquêtes", mellom anna for å undersøkje vilkåra for godtaking.

Når det gjeld forholdet mellom normering, godtaking, spreining av termar, kan arbeidet orienterast mot behovsanalyse og mot beskriving og forklaring av avgjerds- og spreingsmekanismane. Gambier spør om ein på eit slikt grunnlag kan utforma modellar for avgjerd og spreining som også kan gjerast gjeldande for analyse av "spontan", dvs. terminologi som utviklar seg i spontan kommunikasjon uavhengig av normative inngrep. Gambier meiner såleis at mange disiplinar kan vera nyttige for sosioterminologien (Gambier 1994: 110 ff):

- sosiologi
- sosiolingvistikk
- kognitiv semantikk
- talespråksetnografi (jf. Dell Hymes)
- leksikografiske, tekstteoretiske synsmåtar med meir.

Det er likevel eitt sentralt metodisk prinsipp i den "klassiske" Wüster-tradisjonen som her bør diskuterast særskilt, ikkje minst ut frå det "holistiske" og "lingvistiske" grunnsynet som sosioterminologane hevdar å stå for: Det er den vanlege sondringa mellom begrep og term som uavhengige storleikar, og den onomasiologiske og metoden som gir begrepet 'begrep' ein primær status i terminologisk arbeid. Desse postulata av Wüster har som kjent gitt opphav til mykje diskusjon, og det er ingen tvil om at denne posisjonen er vanskeleg å godta frå ein tradisjonell lingvistisk synsstad (jf. Laurén, Myking, Picht 1997: 184f.).

Kort sagt: Tar sosioterminologien stilling mot den onomasiologiske metoden, og har denne retninga i så fall eit alternativ? Det er i alle fall interessant å merka seg at (fag)leksikografen Pierre Lerat har forstått Gaudin som talsmann for den punktuelle metoden, som er ordsentrert og som ikkje siktar mot å framstilla komplette begrepssystem:

le trajet est la critique de la terminologie systématique au bénéfice de la **promotion d'une terminologie ponctuelle dans l'esprit de la linguistique sociale** (Lerat, i "Preface" til Gaudin 1993: 13).

Og Gaudin seier sjølv at

C'est le sens de l'enquête ponctuelle que nous avons menée sur la diffusion et l'application des lois linguistiques. (Gaudin 1993: 213.)

Dei få skriftene som denne framstillinga er basert på her, er likevel ikkje fullt ut eintydige, kanskje på grunn av det sterke programmatisk preget. Å oppvurdera éin type metode er

ikkje nødvendigvis det same som å nedvurdera ein annan. Franske leksikografar som Rey og Lerat kan i alle fall definitivt ikkje tilskrivast eit mekanisk anten-eller-standpunkt.

I den sterke vektlegginga av uttrykkssida, dvs. termen, og av dei sosiolingvistiske funksjonane som termen har, ligg det likevel ei tydeleg interesseforskyving bort frå innhaldssida – altså i ei meir "lingvistisk" retning samanlikna med den tradisjonelle terminologien. Dermed blir også framhevinga av korpusbasert metode ein naturleg konsekvens. Når utgangspunktet er uttrykket, er det også naturleg at interessa for *semantisk variasjon* får ein plass i teorien, og dermed vil systemtanken få ein plass, men riktig nok på eit noko anna nivå enn i tradisjonell terminologi:

En effet, la terminologie oublie trop souvent que la néologie n'est pas affaire de création d'un mot, mais d'équipement d'un système : le terminologue doit viser à l'inscription d'un signifiant au sein d'un paradigme (Gaudin 1993: 175).

Alt dette samla indikerer at den sosioterminologiske posisjonen har eit sterkare semasiologisk preg enn den tradisjonelle terminologien har. Ambisjonsnivået er formulert som meir pragmatisk enn i den tradisjonelle terminologien, i dobbel tyding: mindre ambisiøs i forhold til preskripsjon og standardisering, meir oppteken av dei pragmatiske funksjonane termen som uttrykk har.

7. Diskusjon

Denne gjennomgangen har tilsynelatande vist ein markant avstand i grunnsyn mellom gjengs nordisk terminologi og sosioterminologi, særleg slik denne retninga er formulert i miljøet frå Rouen. Det kan heller ikkje vera nokon som helst tvil om at kritikken mot Wüster for manglande samfunnsperspektiv på mange punkt skyt langt over mål og er for svakt fundert. Dette må vi truleg forklara med språkleg-kulturelle faktorar, ikkje minst at heile den franskspråklege terminologiske tradisjonen er sterkare orientert mot språkplanlegging og "néologie", og dermed har ei klårare eittspråkleg orientering, enn den tradisjonelle terminologien. Internasjonal terminologisk diskusjon bør derfor ha høgt i medvitnet at det ikkje finst nokon teoriposisjon som er verdifri og utan kulturell "bias".

Det er likevel ikkje sikkert at alle desse skilnadene ligg på eitt og same nivå, eller at alle motsetnader er uløyslege. Kritikken frå sosioterminologane er faktisk fullt forståeleg som symptom på lingvistens møte med Wüster, fordi mange sentrale postulat hos Wüster, m.a. om det "uavhengige begrepet", både er framandarta og ikkje utan vidare plausible frå lingvistisk synsstad.

Men den klassiske terminologien er også som nemnt både diskutert og kritisert i nordisk terminologilitteratur. Det statisk sentrerte perspektivet er kritisert først og fremst av Bertha Toft (mellom anna Toft 1998 og denne publikasjonen) – ein kritikk som er minst like radikal som, men også analog med, mange av synsmåtane frå Rouen, men som likevel har opphav og utspring innanfor Wien-tradisjonen. Det bør ikkje lenger vera noko kontroversielt standpunkt at terminologi må definierast som ei lingvistisk vitskapsgrein, med andre ord at den tradisjonelle antagonismen mellom terminologi og lingvistikk ikkje lenger kan forsvarast:

Lingvistiken har inte ansetts kunna inrymma terminologin. Den bristande viljan til integration har varit ömsesidig. (Laurén, Myking, Picht 1997: 286) [...] Man kan inte betvivla att terminologin är ett tvärvetenskaplig forskningsområde. (op.cit.: 287) [...] Att karakterisera terminologin som tvärvetenskaplig innebär att terminologin befinner sig i gott sällskap inom lingvistiken. Vi tror inte på det fruktbara i motsättningar mellan lingvistik och exempelvis sociolingvistik, neurolingvistik, pragmatik och många andra forskningsområden. Det finns ett allmänt behov i dag av att definiera lingvistiken mindre autonomt. (op.cit.: 287) [...] Det är inte svårt att se terminologin som en del av ett omfattande, liberalt definierat område språkvetenskap. (op.cit.: 288.)

Det problematiske er at tradisjonell terminologi både er ein praksis, med eit etablert metodisk grunnlag, men samstundes gjer krav på å vera ein forklarande teori, der det metodiske grunnlaget er forankra. Sambandslinja mellom teori og praksis har derfor vore kort og direkte.

Men til og med "lojal" kritikk av tradisjonen har no påvist såpass svake sider ved terminologien som forklarande teori, at vi må akseptera ein viss kritikk for reduksjonisme – det at vi gjer eit komplekst fenomen enklare enn det er. At dette provoserer fram eit meir "holistisk" grunnsyn på studieobjektet terminologi, er vitskapsteoretisk relevant, og ingen bør sjå negativt på det.

I den sosioterminologiske kritikken ligg det meir eller mindre implisitt, særleg i den litt uklåre og tvitydige haldninga til onomasiologisk metode, at når ein forkastar ein teori, så forkastar ein samstundes den metoden som er forankra i teorien. Dette kan få praktisk negative konsekvensar om vi snur perspektivet: Dersom vi meiner – med bakgrunn i praksis – at systematisk og begrepsorientert terminologiarbeid er nyttig for å løysa spesifikke oppgåver, må ein då samstundes vedkjenna seg eit ortodokst, begrepsrealistisk og "platonistisk" grunnsyn – mellom anna det omstridde synet at begrep og term faktisk "eksisterer" (ontologisk) uavhengig av kvarandre?

Det kan godt henda at mange praktiserande terminologar ville svara ja på dette spørsmålet, fordi denne kombinasjonen av teori og metode utgjer eit intuitivt solid og koherent arbeidsgrunnlag. Det ser altså også ut til at sosioterminologien frå Rouen går langt i å gjera ei analog slutning, med den konsekvensen at den begrepsorienterte, onomasiologiske metoden må nedgraderast fordi teorien bak ikkje held mål.

På folkeleg norsk ville dette i så fall heita å "kasta ut barnet saman med badevatnet". Vi måtte då hevda at tradisjonell begrepsorientert metode ikkje er kompatibel med språkplanlegging, at det ikkje er mogeleg å kombinera sterk vektlegging av den sosiale identifiseringsfunksjonen i språket med ei wüstersk oppfatning av språkteiknet, og at grunnlaget for samarbeid mellom sosiolingvistar og utøvande terminologar ved f.eks. DANTERM-Centret sviktar. Ingen av desse slutningane verkar intuitivt fornuftige eller fruktbare.

I meir prinsipielle ordelag bør vi skilja mellom teoretisk og metodisk nivå, og klara å kombinera "holisme" og fri refleksjon på det teoretiske nivået, med "reduksjon" på det metodiske. Begrepet 'diskurs' er svært vagt og svært vidt, dersom det ikkje blir klårt definert og empirisk forankra. Den sosiale dimensjonen – konteksten – høyrer med, men "alt" er ikkje kontekst: Så lenge den onomasiologiske metoden produserer betre ordbøker enn den semasiologiske på eit gitt område av språkplanlegginga og ut frå spesifiserte formål, så er metoden "best" – reduksjonisme eller ikkje. Treet skal som kjent kjennast på fruktene. Men dette standpunktet kan like gjerne føra til eit krav om *metodemangfald*: Det finst mange slags terminologiske behov og problemstillingar.

Likevel kan det ikkje stikkast under stolen at eit slikt standpunkt kan signalisera ei oppløysing av det tette sambandet mellom teori og praksis som har vore sjølve kjenne-merket for terminologien. Den nye paradigmatkritikken i sine ymse utgåver viser at vi kan gå mot ei utvida kløft mellom terminologi som refleksjonsfelt og terminologi som praksis – sambandslinjene mellom teori og praksis blir både lengre og mindre direkte. Resultatet kan verta at teoretisk forskning og praktisk arbeid vil skilja lag i større grad enn før, og at den teoretiske forskinga utviklar større affinitet til andre teoretiske forskingsområde enn til terminologisk praksis. Det er – NB! – ingen som eksplisitt har ønskt ei slik utvikling, vi talar her om ei vitskapleg nyorientering som har sin eigen dynamikk.

8. Nordisk sosioterminologi?

Utgangspunktet for denne artikkelen var om sosioterminologien er ein modell for Norden. Skal det var mogeleg å konkludera, må vi aller først sjå om det alt er levert forskingsarbeid som kvalifiserer for denne karakteristikken. Som vi såg ovanfor, er ikkje merkelappen eintydig, men det let seg gjera å sjå nokre tendensar.

Eitt av dei største arbeida om terminologisk implementering i Norden er Asta Høy sin studie av medisinsk terminologi (Høy 1998, dessutan fleire mindre arbeid). Dette er ein studie av brytinga mellom originallatin, hybridlatin og dansk terminologi, og i studien inngår det ein delstudie av brukarhaldningar og termpreferansar hos medisinsk personell. Denne delstudien er klårt sosiolingvistisk og Labov-orientert, det er mellom anna brukt kvantitativ metode.

Studiet av kontrasten mellom terminologi og spontan fagslang er størst og best gjennomført av Solveig Strömman (f.eks. 1995), mellom anna ut frå ein sosiolingvistisk problemstilling om dominans. Også dei mange mindre arbeida av Rangnes (mellom anna 1999) som handlar om brukarhaldningar til norsk normert og spontan oljeterminologi, er klårt sosiolingvistiske og dermed "sosioterminologiske". Tilsvarande arbeid av Sæbøe om terminologisk språkplanlegging (mellom anna 1999) går ut over sosiolingvistikken og over i sosiologien.

Nordisk sosiolingvistikk er som nemnt sterkt knytt til språkplanlegging, men basisen for denne tilknytninga ligg i dialektologien. Det er fleire som har understreka at terminologiforskning og dialektologisk forskning kan ha mykje verdfullt å tilføra kvarandre. Drøftingar av terminologinormering har særleg stor relevans i denne samanhengen. Eit arbeid som fortener å nemnast, er Pilke (1997), som konkluderer slik om naturleg vs. normert termdanning:

A handsome system of terms that works in theory is more or less futile if the terms are not used in practice. Therefore one can ask oneself if it would be worth while to pay more attention to the multifarious designation strategies that the experts have access to via professional jargon or expert slang. If one wishes to create an LSP that is effective at all levels, more research will be needed to find out what expressions experts themselves prefer to use in communication. Here the terminologists and the dialectologists have a common field of research where the available tools of analysis can be combined in a fruitful manner (Pilke 1997: 18).

Dette er eit fullt ut sosioterminologisk resonnement, sjølv om uttrykket ikkje er brukt.

9. Nokre konklusjonar

Det burde vera både mogeleg og svært ønskjeleg å etablera sosioterminologi som ein eigen subdisiplin av terminologien på grunnlag av inspirasjonen frå etablert tradisjon innanfor sosiolingvistikken. Ein slik subdisiplin bør vera

- empirisk og deskriptiv
- orientert mot både tale- og skriftspråk
- orientert mot både slang og formalisert terminologi
- open for sosiolingvistikken metodeapparat

Eit rimeleg domene for ein slik subdisiplin vil først og fremst vera terminologisk implementering. Som vi har sett, finst det spirer til ein slik tradisjon i Norden. Denne gjennomgåinga viser likevel at 'sosioterminologi' framleis er eit såpass utflytande og mangetydig begrep at bruksverdien enno er tvilsam.

Å markera morfologisk (gjennom leddet *socio-*) at disiplinen terminologi under eitt har tilknytning til "samfunnet", verkar ikkje overtydande. Som konkurrerande nytt paradigme ser den franske sosioterminologien framleis ut til å vera programmatisk utforma og enno ikkje klårt empirisk fundert, men tilbyr likevel stimulerande tilskot til den teoretiske refleksjonen som er i gang. Spørsmålet er likevel om ikkje denne retninga på si side gjer seg skuldig i nye forenklingar når ho såpass einseitig er prega av eit språkleg og kulturelt klima der eittspråkleg neologi dominerer interessefeltet. Denne tilnærminga kan ikkje gjera krav på å vera meir universell enn den tradisjonelle terminologien.

Å lesa sosioterminologiske arbeid med nordiske briller fører dermed til to konklusjonar:

- Kritikken av Eugen Wüster kan ikkje møtast med rein "apologi". Wüster må lesast kritisk og ut frå den historiske konteksten han står i, og teorien er ikkje gitt ein gong for alle.
- For det internasjonale terminologiske miljøet ser det ut til å vera eit problem av høgste orden at teoridebatten i altfor stor grad er fastlåst av viktige språkgrensar, i staden for å flyta på tvers av dei.

Litteratur

- Gambier, Yves (1989). Travail et vocabulaire spécialisés. Prolegomènes à une socio-terminologie. I: *Fackspråk och översättningsteori. VAKKI-seminarium IX*, 216–229. Vasa: Vasa högskola.
- Gambier, Yves (1994). Implications méthodologiques de la socio-terminologie. I: *ALFA* 7/8, 1994/95: 99–115. Halifax: Universitas Dalhousiana.
- Gaudin, François (1993). *Pour une socioterminologie. Des problèmes sémantiques aux pratiques institutionnelles*. Rouen: Publications de l'Université de Rouen No 182.
- Høy, Asta (1998). *Det medicinske fagsprogs terminologi – en patient med behov for behandling?* Ph.d.-avhandling. Kolding: Syddansk universitet.
- Laurén, Christer & Heribert Picht (1993). Vergleich der terminologischer Schulen. I: *Ausgewählte Texte zur Terminologie*, 493–539. Hg. Laurén, Christer & Heribert Picht. Wien: TermNet.

- Laurén, Christer & Johan Myking & Heribert Picht (1997). *Terminologi som vetenskapsgren*. Lund: Studentlitteratur.
- Maurais, Jacques (1984). *La langue de la publicité des chaînes d'alimentation. Étude sur la qualité de la langue et sur l'implantation terminologique*. Quebec: Conseil de la langue française.
- Maurais, Jacques (1993). I: Sonneveld, Helmi & Kurt L. Loening (eds.) *Terminology. Applications in interdisciplinary communication*, 111–126. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.
- Myking, Johan (1999). Norsk fagspråkforskning. Ein manglande (?) tradisjon. I: *Nordica Bergensia* 20, 17–62. Bergen: Nordisk institutt.
- Picht, Heribert (1994). The multidisciplinary nature of terminology: remembering Eugen Wüster. I: *ALFA* 7/8, 1994/95, 137–161. Halifax: Universitas Dalhousiana.
- Picht, Heribert (1996a). I: *Terminologi – system og kontekst. Nordisk minisymposium 1996*, 11–26. Red. Myking, Johan, Randi Sæbøe og Bertha Toft. KULTs skriftserie nr. 71. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Picht, Heribert (1996b). Sammenfatning. I: Op.cit., 295–298.
- Picht, Heribert (1997). Terminologiens grundelementer og dens berøringsflader med andre disipliner og vidensområder. I: *Terminologi som vetenskapsgren*, 47–61. Red. Laurén, Myking & Picht. Lund: Studentlitteratur.
- Pilke, Nina (1997). Two lexicographical traditions without contact. I: *Terminology Science & Research. Journal of the IITF* 8: 1/2, 5–20. Wien: TermNet.
- Rangnes, Odd Kjetil (1999). Oljeterminologi og språkholdninger: bruk av spørreskjema i lys av "dobbel hermeneutikk". I: *Nordica Bergensia* 20: 207–227. Bergen: Nordisk institutt.
- Rey, Alain (1996). Beyond terminology. I: *Terminology, LSP and Translation. Studies in language engineering in honour of Juan C. Sager*, 99–106. Ed. Somers, H. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.
- Sæbøe, Randi (1999). Funksjon som forklaring – eksempelet norsk petroleumsterminologi. I: *Nordica Bergensia* 20/1999: 247–267. Bergen: Nordisk institutt.
- Strömman, Solveig (1995). *En term – två språk. Studier i fackslang*. Vasa universitet.
- Temmermann, Rita (1997). Questioning the univocity ideal. The difference between socio-cognitive Terminology and traditional Terminology. I: *Hermes* 18: 51–90. Århus: Handelshøjskolen i Århus.
- Toft, Bertha (1998). Terminologi og leksikografi: nye synsvinkler på fagene. I: *LexicoNordica* 5: 91–105. Oslo.